

## **Fjellbygda Rauland – eit tilbakeblikk**

Professor emeritus Arild-Holt Jensen kjem til temakveld i Rauland historielag 20.september kl. 1900. Temakvelden er i Vesaassalen, Raulandsakademiet. Holt-Jensen skreiv hovudfagsoppgåva si om fjellbygda Rauland. I foredraget tek han eit tilbakeblikk på Rauland fram til fyrst i 1960-åra. Frå 1961 til 1967 arbeidde Holt-Jensen med undersøkinga si om busetting og næringsliv i Rauland. Han intervjuar då alla husstandar i Rauland, så det er nok fleire som minnest samtaler med Holt-Jensen. Han utgav i 1968 avhandlinga «Fjellbygda Rauland», eit pionerverk om bygdeutvikling, med døme Rauland.

80-åringen Arild Holt-Jensen som er geograf, tek om fylgjande tema i foredraget:  
Kva er ei fjellbygd? Korleis verka overgangen frå sjølvbergingsjordbruk til handelsjordbruk i Rauland? Kløyvd eigedomsrett og utskiftingane av utmark i Nesland, Haddland og Austbø. Busettingsendringane 1900-1960, 1960-1990 og fram til no. Tema er vidare fjellplanlegging, forslag 1968, seinare kommuneplanlegging og kva blir framtida for fjellbygda?

I foredraget syner Holt-Jensen eldre bilete, kart og andre illustrasjonar.